



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Vidar Vassenden, 57 64 30 64

Svar på høyring - Endringar i konsesjonslova

Priskontroll på reine skogeigedommar

Departementet foreslår å ta inn att i lova reglar om priskontroll for erverv av reine skogeigedommar. Forslaget omfattar eigedommar med og utan bygningar. For eigedommar utan bygningar skal det, slik det er for andre landbrukseigedommar, ikkje gjelde noka arealgrense. For eigedommar med bygningar, er det foreslått priskontroll når eigdommen har meir enn 500 dekar produktiv skog. Arealgrensa er då i samsvar med grensa for lovbestemt buplikt i § 5 andre ledd og for odlingsjord. Departementet si vurdering er at lik arealgrense gjer reglane enklare.

Vår vurdering er at det alt i alt vil tene landbruksinteressene å ta inn att i lova reglar om priskontroll på reine skogeigedommar.

I følge tal frå SSB hadde Vestland 17 679 skogeigedommar med produktiv skog i 2022. 6 627 av desse var på under 100 dekar. Totalt 11 884 var på under 250 dekar. Berre litt over 14 % var på over 500 dekar. Tal på reine skogeigedommar må naturleg nok vere lågare. Vi har likevel ikkje grunn til å tru at fordelinga vil avvike vesentleg når det gjeld fordeling på størrelse. Med grunnlag i desse tala, kunne det nok vore ei føremon at arealgrensa for eigedommar med bygg på blei sett lågare enn 500 dekar. Samtidig ser vi og nytten av eit enkelt regelverk.

Det blir i all hovudsak kommunane som skal praktisere reglane. Fleire av desse har få slike saker. Tilbakemeldingar til oss tyder på at dei tykkjer priskontroll kan vere krevjande. For at lovendringa skal bli gjennomført på ein god måte, er difor vår vurdering at oppdatert rundskriv eller rettleiar bør vere tilgjengeleg.

Konsesjon til selskap med avgrensa ansvar og stiftingar

Departementet ser behov for å stramme inn praksis når selskap med avgrensa ansvar vil erverve eigedom som skal nyttast til landbruksføremål. Det er og foreslått at regelen bør omfatte stiftingar.

I høyringsnotatet er det skissert tre alternative forslag. Alternativ ein inneber å behalde gjeldande regel for selskap med avgrensa ansvar, men at regelen blir utvida til og å gjelde stiftingar. Alternativ



to inneber å stramme inn praksis ved å presisere og lovfeste innhaldet i førearbeida til lova om at samanslutningsforma vil vere ei føremon for landbruksdrifta samanlikna med personleg eigarskap. Alternativ tre inneber at selskap med avgrensa ansvar berre kan få konsesjon på gitte vilkår. Departementet meiner at alternativ 2 er det beste.

Statsforvaltaren i Vestland støttar departementet sitt forslag. Vi er einige i at alternativ to samla sett er best. Ut i frå dei erfaringar vi har gjort oss med søknadar om konsesjon frå selskap med avgrensa ansvar, meiner vi det er bra at sakene blir avgjort etter ei konkret og samla vurdering. Sett bort frå stiftingar blir alternativ to praktisert som gjeldande rett. Det er då ein klar fordel at føringa frå lovmotiva blir teke inn i lova.

Uønskte tilpassingar til regelverket

Departementet si erfaring er at nokre som får avslag på konsesjon av di prisen er for høg, overdreg eigedommen på ein måte som kan gje dei eit «indirekte eigarskap». Viss prisen er for høg, kan ervervaren til dømes overdra eigedommen til nokon i nær familie til ein pris som kan godtakast av landbruksstyresmaktene. Det same kan skje ved brot på buplikta. Landbruksmyndigheitene har ikkje effektive verkemiddel i lova for å hindre slike tilpassingar til regelverket. Departementet har difor skissert to alternative lovendingar som kan bidra til å redusere omfanget av slike tilpassingar.

Alternativ ein er å lovfeste at seljar har konsesjonsrisikoen. Alternativ to er eit forbod mot å overdra eigedommen vidare til nær slekt. Departementet har bedt om høyringsinstansane sine synspunkt på om det eine alternativet er betre enn det andre.

Alternativ ein legg heile konsesjonsrisikoen på seljar. Regelen er likevel enkel og vil vere lett å praktisere. Den gir og seljar eit insitament for å undersøke kva som er akseptabel pris. All den tid kommunane kan gi rettleiing om kva som er akseptabel pris, ser vi ikkje at regelen vil vere unødig tyngande for ein seljar som har behov for ei relativ rask avklaring. Departementet har peikt på at seljar med denne regelen blir part i saka. Etter vår vurdering vil det ikkje gi nemneverdige utfordringar. Det er peikt på at seljar ikkje har kontroll over mogeleg avslagsgrunnar på ervervar si hand. Vår vurdering er at dette er til å leve med, så lenge partane er kjende med at konsesjonsrisikoen ligg hos seljar.

Alternativ to vurderer vi som meir komplisert å handheve enn alternativ ein. Vidare legg alternativet heile konsesjonsrisikoen på kjøpar, og ingen på seljar. Vår vurdering er at seljar og må ha eit insitament for å bidra til at prisen kan godtakast. Viss ikkje kan ein få tilfelle der seljar får pengane sine, medan kjøpar tapar pengar og står utan eigedom. Vi vil og peike på at regelen kan gi andre uheldige følgjer. I Vestland er det mange mindre landbrukseigedommar. Ein del er gjerne berre aktuelle å nytte som tilleggsjord. Desse kan ligge på stader det i røynda berre er ein reell ervervar. Ervervet kan vere ei god driftsmessig løysing. Eit forbod mot å overdra eigedommen til nær familie, kan då i verste fall gjere at eigedommen ikkje kan seljast og kan hende ikkje blir driven. Regelen vil dermed kunne vere til skade og ikkje til nytte for landbruket.

Statsforvaltaren i Vestland meiner samla sett at alternativ ein er det beste.

Nedsett konsesjonsgrense i konsesjonslova § 7

Departementet foreslår å innarbeide busettingsomsynet i konsesjonslova § 10.

Departementet ønskjer særleg å få kjennskap til erfaringar frå kommunar med nedsett konsesjonsgrense og deira syn på forslaget. I Vestland er det berre Modalen kommune som har gitt forskrift med heimel i konsesjonslova § 7. Modalen er ein liten kommune, og erfaringsgrunnlaget



vårt er difor avgrensa. Vår vurdering er likevel at forslaget til endring er fornuftig. Det sentrale vurderingstemaet i regelen blir tydeleg. Då gjer endringa det og lettare å lese og forstå regelen.

Statsforvaltaren i Vestland støttar forslaget.

Forskrift om krav til opplysningar

Forskriftsheimelen i § 8 viser ikkje til § 5 andre ledd, sjølv om § 5 andre ledd og nyttar omgrepa fulldyrka og overflatedyrka jord. Departementet foreslår difor ei endring i § 8, slik at han og viser til § 5 andre ledd. Det er presisert at forslaget ikkje er ei realitetsendring.

Statsforvaltaren i Vestland støttar forslaget.

Mottakar av søknad til konsesjon

Departementet foreslår å endre mottakar av søknad om konsesjon i konsesjonslova § 12 første ledd frå ordføraren til kommunen.

Statsforvaltaren i Vestland støttar forslaget.

Heimel for innsyn i opplysningar frå folkeregisteret

Det er i høyringsnotatet foreslått å heimle i ny § 17 a at kommunen og statsforvaltaren kan hente inn opplysningar underlagt teieplikt frå folkeregisteret. Bakgrunnen for forslaget er å gjere det lettare for landbruksstyresmaktene å kontrollere om buplikt med heimel i §§ 5, 7 og 11 blir oppfylt.

Landbruksstyresmaktene er heilt avhengige av nemnde opplysningar for å kunne følge opp at buplikta blir oppfylt. Vår erfaring tilseier at ein slik heimel vil lette særleg kommunane sitt arbeid. Endringa vil venteleg og kunne bidra til at kommunane i større grad gjennomfører kontroller.

Statsforvaltaren i Vestland støttar forslaget.

Retting av feil i gjeldande lov

I høyringsnotatet er det foreslått å oppheve tilvisinga i § 4 første ledd nr. 1 til unnataket i jordlova § 12 a fordi dette er gjenstandslaust. Vidare er det foreslått å ta inn att ein regel om byggeplikt i § 4 andre ledd. Dessutan er det foreslått ei språkleg retting i § 4 første ledd nr. 2.

Statsforvaltaren i Vestland støttar forslaget.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Vidar Vassenden
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent